

# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 2017

Bøverdalens - Lom - Garmo

76. årgang



# Ny flaggstong



## No blir det flaggstong ved Bøverdalskyrkja!

Det har i mange år vore flagg ved både Garmoskyrkja og Lomskyrkja. Ei flaggstong med heisa flagg fortel så mykje, halv eller heil stong, sorg eller glede. Derfor blir det no fint å endeleg få opp ei ved kyrkja i Bøverdalen og. Som de ser av bileta, er arbeidet med å få flaggstonga på plass godt i gang. Denne er gjeven av bygdelaget i Bøverdalen. Ein stor takk til dei for den rause gava!



Jan Fyrun, Terje Blakarstugun og Iver Byrøygard. Per Morten Mork er fotograf.

## LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET  
4. etasje på Midtgard mandag til fredag  
kl. 10:00 - 14:00  
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom  
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD  
Steinar Hov, tlf. 951 44 910  
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST  
Einar Gelius, tlf. 481 65 529  
Prestegarden: 906 55 838  
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE  
Borghild Skarelven, tlf. 481 65 527  
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR OG  
TRUSOPPLÆRAR  
Guri Husom, tlf 481 65 528  
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR  
Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR  
Jonas Fjeld  
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75  
kl. 10:00 – 14:00  
tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,  
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00  
kyrkjetenar@lom.kommune.no

## BLOMEFONDET(merk "blomefond")

Bankkontonr.: 2085.07.11772

## KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")

bankkontonr: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:

Innanbygds:	150,-
Utanbygds	200,-
Utanlands	250,-

## OMVISARTENESTA

Tlf. 97 07 53 97

booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

## KYRKJEBLAAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,  
Anne Sulheim, Aud Kvamme,  
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

## UTFORMING/SIDEOPPSETT

Ola Ø. Rossehaug &  
Guri Husom

TRYKK  
Dale-Gudbrands Trykkeri as,  
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Framsidebilete: Ola Ø. Rossehaug

# Presten sine tankar

**Etter «Presten sine tankar» her i kyrkjebladet sist, har eg fått mange attendemeldingar frå folk i kommunen. Dei takkar meg for det eg skrev om fest på prestegardsjordet i samband med årets Fjordingsmartna.**

Mange tykkjer ikkje det passar seg å arrangere stor fest rett utanfor kyrkja og kyrkjegarden.

Eg er takksam for alle som har engasjert seg i spørsmålet og som har gjeve uttrykk for si mening. Og ikkje minst er eg takksam for at Opplysningsvesenets fond, som eigar av prestebustad og prestegardsjordet, ikkje ynskjer å leige ut dette arealet til konsertar fredag og laurdag kveld. Grunngjevinga til Opplysningsvesenets fond er at prestegardsjordet har nærleik til både Lom prestebolig, Lom stavkyrkje og kyrkjegarden – og at ein difor ikkje ynskjer at det vert arrangert konsertar på dette arealet.

Presten kan berre gje sine tankar – men det er Opplysningsvesenets fond som tek avgjerd. Dessutan trur eg dei aller fleste ikkje ynskjer seg ein stor bygdafest rett utanfor stovevindaugen sitt – med høg musikk, fyll og støy til langt på natt. Det handlar kort sagt om

mykje verd. Kan hende at du og eg må finne att noko av den gamle respekten for det heilage? At du og eg må tenkje igjennom kva som er heilagt for oss? For det som er heilagt, handlar om det som du og eg set høgt i livet, det som er dyrebart for oss og det som vi ynskjer å ta vare på for framtida. Eg trur at du òg vil forsøre og ta vare på det som står ditt hjarte næraast, det som er heilagt for deg. Difor er det ikkje så underleg at eg som prest ynskjer å ta vare på respekten for kyrkjene og kyrkjegardane våre i Lom kommune. Og eg er takksam for at så mange av dykk bygdefolk har gjeve meg attendemeldingar på nett det.

Viktig er òg respekten for nabofreden. Ingen av oss kan gjere nett som oss vil. Ingen har rett til å overkøyre andre med sine meningar og avgjerder. Vi må kort sagt ta omsyn til kvarandre, vise respekt for kvarandre.

No er det snart sumartid og vi skal vise Lom fram som ein gjestfri stad – med både martna, musikk, kultur, natur og mat! Vi har mykje å vera stolte av i Lom, og det er mange kreative og nyskapande menneske i kommunen vår. Dei fortener takk og støtte.

Og midt i bygda vår, står sjølve perla, nemleg stavkyrkja. Kva hadde Lom vore utan stavkyrkja? Kyrkja skal sjølv sagt vera ein open og raus stad. I kyrkja skal det vera høgt under taket og låge tersklar inn. Men kyrkja er samstundes ein heilag plass – ein stad som fortener respekt.

Kyrkja og kyrkjegarden er heilage plassar i kommunen. Det inneber at desse areala fortener ein ekstra respekt. Kyrkja i Lom har ein nær tusenårig tradisjon – ikkje nokon annan institusjon i bygda vår har prega samfunnet meir enn nett kyrkja. Det er ein plass kor folk samlast i både glede og sorg. Det er ikkje som eit grøndehus eller eit samfunnshus – det er noko heilt spesielt med kyrkja og kyrkjegarden som peiker utover våre daglege gjeremål og oppgåver.

Det er ein stad for refleksjon og ettertanke, for stillheit og meditasjon. Ein stad kor ein skal sleppe kvardagens slit, støy og mas. Det er kort sagt: ein heilag plass kor kvar og ein av oss er like

Kva hadde  
Lom vore utan  
stavkyrkja?

respekt, trur eg. Respekt for det heilage og respekt for nabofred.

Eg tykkjer det er interessant å leggja merke til, at respekten for det heilage i vår tid har vorte mindre. I dag er sundagen som ein vanleg dag i veka, butikkar har sundagsope og den såkalla heilagdagsfreden er det knapt nokon som tek omsyn til lenger.



EINAR

## Dugnadar

No nærmar det seg tid for planting på kyrkjegardane våre.

Grunna blomefondet kan vi

få pynta på alle gravene, om det er pårørande i bygda eller ei. Så vi håpar at mange kjem og hjelpe oss desse kveldane. Det er ei hovudplante og to kantplantar på kvar gravstein.



- Planting Lom kyrkjegard tysdag 6.juni kl. 17:00 (4 åringane vert inviterte for å så frø denne dagen, brev kjem i posten)
- Plantedugnad på Garmo kyrkjegard onsdag 7. juni kl. 18:00
- Plantedugnad på Bøverdal kyrkjegard torsdag 8.juni kl. 18:00

*Vi ynskjer nye og gamle hjarteleg velkomne til trivelege økter, og byr på kaffe med noko «attåt».*

Ein stor takk til bygdekvinnelaget som ordnar med servering på dugnadane våre, ein takk og til alle som stiller opp på dugnad på kyrkjegardane våre.

## Fasteaksjonen 2017

Vi vil rette ein stor takk for innsatsen til konfirmantane, føresette som stilte som sjåførar, tilsette og friviljuge for all hjelp rundt fasteaksjonen.

Summen vi fekk inn i Lom kyrkjekommune gjev reint vatn til 88 personar!

- Bøverdalen: 2170,-
- Garmo: 3086,-
- Lom: 8085,-




Vi er her alltid. Også i sommer.

## GI EN SAMTALE TIL EN SOM TRENGER DET.

Send sms **ALLTID3** til 2160 (150,-)

Kontonummer: 7011 05 20067



## Olsok i Lom 2017

**Olsokmesse i Lom kyrkje 29.juli kl 18:00 ved sokneprest Kåre Gloslie.**

Offer denne kvelden går til HimalPartner. Frå kl 16:30 er alle velkomne til gratis omvisning i den fine kyrkja vår. Det blir og eit innhaldsrikt program i Presthaugen. Tale ved direktøren i kulturminnefondet, Simen Bjørgen.

## Messer utanom kyrkjene:

- **Sundag 2.juli kl. 11:00** vert det utemesse på tomta der gamle Garmokyrkja stod. Vi håper været er på vår side, så blir det ei like fin oppleveling som førre året. Offer til eige arbeid. Kyrkjekaffe. Ta med stol!
- **Sundag 16.juli kl. 19:30** vert det musikkandakt i Medalen bedehus. Offer går til huset. Kyrkjekaffe.
- **Sundag 27.august kl.12:00** vert det utemesse ved prestehytta ved Dalsvatnet. Der deltek 11 og 12 åringane som har vore med på trusopplæringstiltaket «Ljos vaken». Offer til trusopplæringa i Lom kyrkjekommune. Kyrkjekaffe. Ta med stol!

## Prestegardens kvinneforening:

Prestegardens Kvinneforening har siste møte før ferien torsdag 15.juni kl 1800. Om vegen er køyrbar, møtast vi på Leiråsen hos Liv og Sigurd Stenersen. Ta kontakt med Anna Magni for informasjon på telefon 470 76 812

## Lomsklangen informerer

...om at julemusikalen «La oss gå like til Betlehem», som var planlagt fredag 1. og laurdag 2. desember, er avlyst. Lomsklangen vil i staden invitere til ein triveleg og innhaldsrik julekonsert saman med andre lokale utøvarar den same helga!

# Brev frå lesarar

Det hendar seg at Kyrkjebladet får lesarbrev. Dette set vi stor pris på, og oppmodar alle som har noko på hjartet om å senda inn til oss!

## Litt om utenpåkristendom



Jeg var så heldig å ha en farmor som var solid i sin tro. Men vokste opp i et Læstadianerhjem - og miljø. Det var synd å ha blomster i vinduene, gardiner og pyntegjenstander. Min farmor fant trøst og glede ute i naturen, nøt markblomstene og alt som grodde. Men som voksen gikk hun og farfar i vår kirke. Hun ville at jeg skulle spille salmer på pianoet, yndlingsmelodien hennes ble "Har du glemt din barnetro". Men like etterpå kriblet det i de musikalske bena hennes, og hun gikk ut i hallen hvor sveivegrammofonen sto. Satte på en plate med trekkspilleren Jularbo, eller en annen. Hvis farfar ikke var i nærheten, tok hun en lang feiekost til kavaler, og svingte seg nynnende rundt i utfoldelsen.

Hadde man sin tro kunne man være både takknemlig og trygg og ha livsgelde, mente hun. Og både kristne sanger, og friske għadde trekkspilllåter, var like oppbyggelige. For hvem kunne påstå at de humørfulte, kjente trekkspillartistene var mindre kristne - og dårligere mennesker - enn de som aktivt gjorde seg bemerket i kirken, menighetsarbeide...?

Utenpåkristendom var noe farmor foraktet. Hun hadde møtt menneskjer med simpel adferd overfor andre, men skrøt av sitt engasjement i menighetsarbeidet, og at de h v e r søndag gikk i kirken.

Farmor hjalp mange medmennesker, men ingen skulle vite om det. Hun betrodde lille meg, da 6-7 år gammel, at den glede hun følte hver gang hun kunne trå til medmenneskelig, var mer enn takk nok. Gjorde også henne glad. I vår vanskelige nåtidskultur har jeg som journalist møtt utenpåkristendom - en fin fasade kan skjule litt av hvert. Det slitt odtaket: Du skal ikke skue hunden på hårne kan aktualiseres.

Utenpåkristendom ønsker vi ikke ?

Garmo,  
Eva Borgengård  
Eva Borgengård

# Gamle Garmoskyrkja

**Vi kjenner historia om Olav Haraldsson som drog på kristningsferd, og Torgeir Gamle som bygde kyrkje på garden sin og som takk fekk fiskeretten i Tesse av kongen. Den eldste kyrkja stod truleg til 1200-talet da det vart bygd ny. Den nye kyrkja var enkel med rektangulært skip og smalt kor, og truleg svalgang. Seinare vart det bygd klokketårn og kyrkja vart utvida og fekk krossform.**



Medan gamlekyrkja var i bruk, fekk to husmannskoner lov til å drive kaffisal. Dette gjorde dei i eldhuset, eldste huset på garden. Dit kom mødrane med dåpsborna. Dei venta der på å bli henta inn til dåpshandlinga. Garden var ei slags kyrkjestugu, der presten tok inn når han skifta før han heldt messe. Da Halling kom åt Garmoskyrkja første gongen, vart han ynskt velkommen av Garmosfolket. Da sa han: «Ja, er det ikke 11 år en prest er på Lom?» (Honoratius Halling var prest i Lom 1864-1875.)

Utover på 1800-talet auka folketalet og kyrkja var for lita. Særleg sokneprest Halling ivra for ny kyrkje. Han skildra i 1867 den gamle Garmoskyrkja slik: «... At Garmo Annexkirke allerede meget lenge har befunnnet sig i en saadan tilstand, at den næppe kan kaldes et Gudshus for en Kristen Menighet ...» og «... ved Barnedaab har det hendt at man har maattet tildække Barnets Ansigt saa meget som mulig for den gjennom Vægger og Tag indtrængende Sne.»

## Frå kommunestyreprotokollen

Da det vart vedteke å bygge ny kyrkje i Garmo, vart det spørsmål kva dei skulle gjera med gamlekyrja.

Tanken om å ta vare på kyrkjehuset der det stod, kom opp alt i 1870, da fortidsminnesmerkeforeininga vende seg til Lom kommune om dette. Og i 1873 skrev Andreas Austlid til kommunestyret om det same. Dei utsette saka til byggesaka hadde kome lengre.

I 1879 gjorde dei vedtak om å avertera sal av gamlekyrkja, dersom lag, institusjonar eller private ville kjøpe. Var det inga interesse, skulle kyrkja rivast, seljast og fraktast bort. Foreininga til Norske Fortidsminnesmærkes Bevaring svara at dei ikkje var interesserte, på grunn av «dens ubetydliche antikvariske Værdi». Dei bad kommunen gje døypefonten og St. Olavsspeningen til oldsaksamlinga i Oslo.

I 1880 vart det vedteke riving og sortering av materialane, og alt skulle seljast på auksjon. Fire karar: Simen Bjørgen, Ola P. Byre, Ola S. Byre og Hans Langøygard brukte til saman 15 dagar på dette rivingsarbeidet, og fekk kr 1,20 pr dag i betaling.

## Riving og auksjon, ved Ragna Klæbo

(Bygd på samtaler og brevskifte med Ingebjørg H. Sveine, fødd i 1864 på systun Garmo.)

Da kyrkja vart riven, sat tårnet så fast at dei batt reipendane i gluggen på den gamle läven (på systun Garmo). Der stod karane som skulle dra tårnet ned. Da det datt ned, vart det ei stor grop etter det. Heile grenda møtte opp for å sjå på at tårnet var rive. Spiret kom å Oslo.

Etter kyrkja vart riven, var det auksjon på Garmo. Lensmannen stod på søre låvtrappa. Alle kunne kjøpe kva dei ville, men det var fleire ting som folk ikkje rekna for å vera verd noko. Derfor vart ikkje alt selt. Det møtte fram nokre frå heradstyret, og dei ga preikestolen og altartavla åt bestemor Garmo, om ho ville ta vare på dei. Ho tok og pynta opp inventaret og fekk bore det opp på klesstugu. På preikestolen mangla det to fjøler. Bestefar, Henning Garmo, fekk alle maleria. Under auksjonen stod altartavla, preikestolen og mykje av inventaret fråsegslengt ved hestmøk-kokane. Ingen ville by på dette. Elles fortalde Ingebjørg at ting folk ikkje ville ha, vart kasta på elva. Mor hennar (Rønnaug Torgeirs Garmo) sende tenrarar ut i båt for å fiske opp att noko av det for å ta vare på det.

Kjelde:

**Heim og bygd** 1992 og 1995

**Garmo Sokneråd** 1979, Garmo kyrkje og sokn



# Konfirmantar i Lom kyrkje 29.september 1957



1. rekkje f.v; Else Reidun Torkveen , Jorunn Bårdsgeng, Helene Kvamsøygard, Liv Sølvi Solberg, Vigdis Alhstrøm, Ragnhild Lühr.

2. rekkje f.v; Agnes Plassen, Anne Frøise, Målfrid Kvåle, Ester Bakken, Anne Wiker, Anna Synnøve Austin, Unni Marie Haugen, Solveig Magny Høyberg, Kjellaug Slettom.

3. rekkje f.v; Johan Slettom, Norvald Marstein, Jarle Wentzel, Inge Lien, Arne Marstein, Rolf Inge Nyøygard, Lars Austin, Sigmund Bråtet, Fridtjof Aukrust, Kjell Lyngstad

4. rekkje f.v; Per Arve Bakke, Oddbjørn Kvehaugen, Hans Ahlstrøm, Haavard Jarleiv Øverli.

## Konfirmantjubileum:

Konfirmantjubileumet i år er lagt til helga 2.-3. september, med gudsteneste i Lom kyrkje sundag 3. september kl. 11:00.

Dei som vert inviterte til jubileum i år, stod konfirmant i kyrkjene våre fylgjande datoar:

### Bøverdal kyrkje

3. oktober 1937, 12. oktober 1947, 6. oktober 1957 og 25. juni 1967.

### Garmo kyrkje

6. juni 1937, 5. oktober 1947, 13. oktober 1957 og 11. juni 1967.

### Lom kyrkje

10. oktober 1937, 28. september 1947, 29. september 1957 og 18. juni 1967.

Fylg med: Invitasjon kjem i posten!

## Konfirmant 2018:

Vi har invitert neste års konfirmantar med føresette til informasjonsmøte i Lom kyrkje, torsdag 8. juni kl. 19:00.

Er du født i 2003 og enda ikkje fått invitasjon, eller er det andre ting de ynsjer å ta opp, send gjerne ein e-post eller ring.

kyrkjelydssekretær@lom.kommune.no  
eller soknepresten@lom.kommune.no  
Telefonnummer; 481 65 528 eller 481 65 529

## Ris eller ros?

Har du attendemeldingar på kyrkjebladet? Ikkje nøy med å ta kontakt med kyrkjekontoret!

# Tårnagentmesse i



Stian og Einar i gang med å byggja Babels tårn



Kanskje er det ein skatt gjemt her?



Brage og Mads terner ljos i ljoscloba

# Skjåk kyrkje



Sundag 7.mai var 7-og 8 åringane i Lom inviterte til Skjåk kyrkje for å vera tårnagentar, saman med dei same årskulla frå Skjåk.

Fem spente Lomværar møtte opp i kyrkestugu. Der fekk dei utdelt agentkort med eiga agentkode. Politibetjentane Jonny og Line kom og var med å leita etter spor og fingeravtrykk. Og gjett om vi fann! Enkelte såg til og med tjuvar som sprang forbi...

Dagen vart avslutta inne i kyrkja på leit etter symbol. Oss fann kors, jomfru Maria, blod... (heldigvis berre på bilde). Det vart ein tur opp i tårnet for å sjå på dei fine klokkene. Der oppdaga vi eit stort fuglereir. Mon tru om det innheldt nokre skattar..?



Jo Jakup fyljer spent med på om fingeravtrykka hans kjem fram...

## Trusopplæringstiltak som kjem

I samband med planting på kyrkjegarden i Lom, tysdag 6.juni, inviterer vi dei som fyller fire år dette året til å koma og så frø. Blir det fine blomar av det, så kan dei kanskje ta med ein blome når dei blir inviterte til kyrkja for å få fireårsboka si 22.oktober.

Dei som fyller seks år dette året og er skulestartarar, blir invitert til to ulike trusopplæringstiltak denne våren. Det eine handlar om kornet. Då skal vi så korn ved storstabburet. Det andre handlar om «den gyldne regel» noko som passar bra sidan dei snart skal byrja på skulen.

Helga 26/27. august er det «ljos vaken» ved Dalsvatnet. Da blir elleve- og tolvåringane frå Lom og Skjåk inviterte til prestehytta. Der blir det ymse aktivitetar laurdagsefta/kveld, overnatting i lavo/telt og utemesse sundag.

Invitasjonar til alle desse tiltaka kjem i posten når det nærmar seg.

## Sal av el-piano

I Bøverdalskyrkja har det stått eit piano, veldig pent bruk. Dette er no seld til bygdekvinnelaget i Bøverdalen, og det står no på samfunnshuset. Tilsvarande piano, like pent bruk, står i Garmokyrkja, så om nokon er interesert i å kjøpe det, ta kontakt.



## Takk skal de ha!

Sundag 7. mai hadde vi planlagt kyrkjelydstur til Maihaugen, men grunna for få påmeldte, måtte turen avlyast. Organist Terje og prest Einar tenkte at ein istaden for Lillehammer tur, kunne finne på noko anna triveleg den sundagen.

Difor vart vertskapet på Skogheim kafe i Garmo spurt om det kunne haldast messe der, og svaret var ja. Det vart ei triveleg stund og ein god del folk kom på den fyrste kafémessa i Garmo sokn!

Takk til Astrid og Oddvar på Skogheim for at dykk opna dørene for kyrkjelyden. Dei som var samla til messe, var einige om at dette kunne oss gjenta ved eit seinare høve.

Som nemnt annan stad i bladet, vil Lom kyrkjekommune satse på fleire messer rundt om i kommunen, på andre stader enn i dei tri kyrkjehusa. I sumar vert det messer både på Garmo gamle kyrjetomt, i Medalen og på Dalsvatnet – og seinare i haust vert det messe på Lidarande i Lia.

Spiterstulen og Brimi fjellstugu tok imot kyrkjelyden til påskemesser i år. Dei fortener òg stor takk for gjestfreiheit og opne dører.

Kyrkjelydane er opne for forslag og idear om andre stader vi kan halde messer i kommunen vår. Ta gjerne kontakt med kyrkjelydkontoret eller presten for ein prat.

## Heim og ætt

### Døpte:

#### Bøverdalen

05.03: Torjus Mundhjeld



### Lom:

19.03: Simen Lunna

### Vigsel

#### Lom:

20.05: Mari Beate Kleiven og André Berg,

✉ Lillehammer

27.05: Agnes Bing Orgland og Haakon Martin Bingen,

✉ Oslo



### Jordfesta:

#### Bøverdalen:

28.04: Nils Roald Sletten, f. 1947



### Garmo:

09.03: Kari Ellen Øyen, f. 1960

10.03: Embjørg Øyberg, f. 1934

24.05: Odd Horten, f. 1956

### Lom:

02.03: Lars Øygard, f. 1926

07.03: Reidar Øyjordet, f. 1927

16.03: Ruth Hansen, f. 1927

28.03: Ivar Sveine, f. 1922

28.04: Leiv Rusten, f. 1927

19.05: Charlotte Sulheim f. 1919

## Personalnytt:

Denne sumaren er Geir Ådne Lindsø tilsett som kyrkjegardarbeidar, fram til 31.august.

**Vi ynskjer han velkommen på laget!**

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I  
NORD-GUDBRANDSDAL:

**VAKTNUMMER: 414 81 457**

Kveld/natt: Kvartdagar kl 17:00 - 09:00

Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

## Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året.

Vi har fått ei rekke innbetalingar til kyrkjebladet der avsendar ikkje har skrive inn namn og adresse. Desse får derre ikkje bladet tilsendt, då vi ikkje har adressa. Vi vonar at dei det gjeld tek kontakt med oss slik at vi får retta opp i dette.

Lik Lom kyrkjekommune på facebook!  
[facebook.com/lomkyrkjekommune](https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune)



Du kan også bli ven med oss!  
Søk på "Lom kyrkjekontor"

Frist for innsending av stoff til neste  
kyrkjeblad er 14. august 2017!

## Omvisartenesta 2017:

Omvisartenesta i Lomskyrkja starta opp mandag 15.mai. Det er kome ein heil del bestillingar allereide no, så oss håpar på ein god sumar for både kyrkja og omvisarane våre.

Lomskyrkja er ei brukskyrkje, så den vert sjølvsakt stengt for turistar under kyrjelege handlingar som vigsel og gravferd.

### Opningstider

- 15. mai - 11.juni kl. 10:00-16:00
- 12.juni – 20.august kl. 09:00-19:00
- 21.august- 3.september kl. 09:00-17:00
- 4.september – 25.september kl.10:00-16:00

### Omvisarar denne sesongen er

Lars Bakkom, Anna Moe, Aase Helland, Magnus Mundal, Sindre Banken, Sindre Garmo, Wafaa Abou Assat, Trygve Garmo, Idunn Maria Brosset og Hilde Granum.

# Glimt frå tidlegare årgangar

## Kyrkjeblad for Lom

Nr. 5

15. MAI 1947

6. årgang.

### Kvitsunn - Andens fest.

Joh. 14, 23—31.

Det hadde tatt lang tid for Gud å førebu den første kvitsunnfest på jord. Mellom syndefallet og utrenninga av Heilaganden kvitsundag går denne førebuinga for seg, og ho tok mange tuse når. Syndefallet var den største katastrofe i soga åt manneætta. På grunn av det veik Heilaganden fra henne for lange og tunge hundre- og tusenår, medan Gud i Israel førebudde hans atterkome på grunnlag av Jesu Kristi, hans Sons, fullførde frelseverk.

For ein fest var det då ikkje i himmelen, då Faderen på den første kvitsundagen kunne sende målsmannen, den Heilage Ande, i Jesu namn, til apostlane og til dei tre tusen som den dagen vart omvende til Gud og døypete til Guds glade born. Deroppe forstod dei rekkevida av dette frelsehistoriske storhendet i man-

neætta og i Guds rike. Andens frukt, kjærleik, glede og fred, ville frå no av få voksterkår i millionar av frelse mennekjarto ettersom tidene gjekk og evangeliet bana seg veg frå folk til folk utover den vide jord.

Men det var fest den dagen i Jerusalem og. Kven kan tvile på det som les Lukas forteljing om Andens utsenning? Det var frelsejubel i Israels hovudstad kvitsundag. Hjartestyngen og syndesøga måtte vike for liv og sæle ved forlatinga for syndene i Jesu namn. Den Heilage Anden overtydde ikkje berre om synd, men og om nåde.

Kva er så kvitsunn for oss? Opplever vi noko av Andens fest den dagen? Ja, så sant vi med opehjarte tar imot Guds innbyding i evangeliet til festen. Då skjer det vi ber om i salmen:

*Kom, Heilag Ande, Kristi tolk,  
fyll hjarta på ditt kristenfolk!  
Lat oss din eld i hugen kjenna,  
lat Kristi kjærleik i oss brenna!  
Dei skilde tungor einar du,  
og samlar i den same tru  
dei mange folkeslag og øtter,  
som einmælt lovesong til deg retter.  
Halleluja, halleluja!*

H. A.

## GUDSTENESTEPLAN

**Laurdag 03.06.** Pinsaftan  
GARMO KYRKJE kl. 11:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet i bygda.  
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet i bygda.

**Sundag 04.06.** Pinsedag  
LOM KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsmesse med offer til nytt kyrkjelydsbygg ved Lomskyrkja.

**Sundag 18.06.** 2. sundag i treeiningstida  
BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Messe med nattverd, offer til Sandomstiftinga.  
LOM KYRKJE kl. 14:00. Messe med nattverd, offer til Sandomstiftinga.

**Onsdag 21.06.**  
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

**Fredag 23.06.**  
LOM KYRKJE kl. 19:30. Martnasmesse. Offer til Lom helselag.

**Sundag 02.07.** 4. sundag i treeiningstida  
GAMLE GARMO KYRKJETOMT kl. 11:00. Utumesse med nattverd. Offer til eige arbeid i kyrkjelyden. Ta med stol!.

**Sundag 16.07.** 6. sundag i treeiningstida  
LOM KYRKJE kl. 14:00. Messe med nattverd. Offer til nytt kyrkjelydsbygg i Lom.  
MEDALEN BEDEHUS kl. 19:30. Songandakt med kaffistund etterpå. Offer til huset.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no), på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html> eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjem kommune Messer i Skjåk kyrkjem kommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjem kommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjem kommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen.  
**Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

**Sundag 23.07.** 7. sundag i treeiningstida  
LOM KYRKJE kl. 19:30. Messe med nattverd. Offer til Misjonsalliansen.

**Laurdag 29.07.** Olsok  
LOM KYRKJE kl. 18:00. Olsokmesse. Offer til HimalPartner.

**Sundag 06.08.** 9. sundag i treeiningstida  
LOM KYRKJE kl. 19:30. Kveldsmesse med nattverd. Offer til eige arbeid i kyrkjelyden.

**Sundag 13.08.** 10. sundag i treeiningstida  
GARMO KYRKJE kl. 19:30. Kveldsmesse med nattverd. Offer til eige arbeid i kyrkjelyden.

**Onsdag 16.08.**  
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

**Sundag 27.08.** 12. sundag i treeiningstida  
PRESTEHYTTA VED DALSVATNET kl. 12:00. Utemesse, 11- og 12-åringar frå «Ljos vaken» deltek. Offer til trusopplæringsarbeidet i bygda. Kaffistund etter messa. NB! Ta med stol!

**Sundag 03.09.** 13. sundag i treeiningstida  
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med nattverd, konfirmantjubileum med 50-, 60- og 70-årskonfirmantar. Offer til konfirmantarbeidet i bygda.

# Lom musikk- og kulturskule

## Gladnytt frå kulturskulen!

Lom musikk- og kulturskule har samarbeid med kulturskulen i Skjåk om danseopplæring. Vi vil gjerne slå eit slag for danseaktiviteten og utvidar **søknadfristen til 10.juni**. Den nye fristen gjeld alle tilboda i kulturskulen.

Vi har også eit samarbeid med Lom skulekorps om opplæring på massinginstrument. Per i dag er dette organisert gjennom skulekorpsset, men vi ynskjer å slå eit slag også for denne aktiviteten. Vil du lære eit blåseinstrument og spela i korps? Meld deg til Ingrid Strind, mob. **913 67 461**.



Møt opp og del  
ideane dine!

Vi ynskjer å skape ein tolkfest i Lom den 19.- 22. oktober,  
og håper mange vil bli med på laget! Dette blir det invitert til  
ett oppe møte i Utgård den 12. juni, der malete er gode idéar  
og yttige samarbeid. Vi har laga eit utkast til eit program,  
men ynskjer eit breitt samarbeid mellom kommunen, frivillig  
sektor og næringsslivet for å få eit attraktivt og variert program!

19:00  
12. Juni

# INVITATION til øpe møte



Lekarie för FAU, Tordn Volden skryter av föreläsegruppens elevaner ved Løar skule når han opna det nye leikestativet i skulegårdanen. „Det er ingeun problem å by inn til dugunad med ei slik föreläsegruppe“ kunnje Tordn melde! Det nye leikestativet har vore „nesten“ Fredigé gi godt studid alt, men grunna tildleg høst i bakken i fjor haust har det ikkje vore mogleg å føredigstilla leikestativet før no.

Det var mange glade elevar nær Leiar for FAU og rektoar kunde opne det nye leikestasjonet ved Løar skule

No er det nye leikestativet opna!

**ERIVILJUG** LOM FRIVLJUGSENTRAL 20 ÅR!

I kellelaretsjehn pa Gamie Loar, mætøplæssenh Vat  
særs Pøpularer i dessé lokala òg. Hausten 2015 flytt  
sentraLEN inn i nyoppussa og ombygde lokaliteter i  
Drengefestugu.

Lom kommune satsar på Frivillighetsentralen i bygda. Lokala vart pussa opp av valtmesiseterne med Lom kommune og lokale bedrifter. (Ulvilegging, røreleggjar og elktikkerabedi). Moteplassene i Drengjestrúgu er særst populær. Ljose og fine lokallitter og instrumentsmusset og tilrettelagt for handikappa. Dei frivilliluge og brukarane er særst tilfredse med nye.

Andre har høve til å leige lokala.

Faste aktiviteter og koordinering av tiltak:

- Stikkgruppe.
  - Småbarnef med leik og aktivitetar i Steinbjøset.
  - Fredagstrekk.
  - Samling for frivillige (gruppenevis utfrå tilteik)
  - Bra mat kurs.
  - Koordinering av nattestamnittilatket.
  - Matombordmøting til eldre og uføre 2 g i veka.
  - Bokabokk - noko for deg. (i samarbeteid med Seniorordnans på Lom Helsetheim.
  - Besøksstene ste 2 gongar i veka på Lom Helsetheim.
  - Undervisning: pensjonettet lærarar underviser elevar som eks. skal ta studiekortet.
  - Frivilligutgje stiller på treffpunktet i regi av krefteforeininga.
  - Frivilligutgje opp som frivillige til arrangement i bygda og frivilligutgje sjukhusa.
  - Frivilligutgje sentralen sel batteri til høyreapparat.
  - Lom Hørselfallag
  - stiller ca. to gongar i året
  - og informerer.

I næste Lomsnytt skal du bli bedre kjend med dei forskjellige aktivitetene ved Lom Frivilligsentral.

20 - arsjubileet vil bli terra i sommar, alle deli gode friviljuge blir invitert til «fest». Ordforar Bjørne Eiof

- Vera ein moteplass for alle, unansett kjønn, alder, etnisitet.
  - Vera et supplément, ikkje ein erstatning for det offentlege hjelpeapparatet.
  - Vera et supplement til staten, ikke et alternativ for det offentlige hjelpeapparatet.
  - Bidra til å ivaretaka etnisitet og etnisk mangfald.
  - Oppretthaide eksisterande tiltak.
  - Bidra til å ivaretaka etnisitet og etnisk mangfald.
  - ressursane hjå enkeltmennskje og lokalsamfunn.
  - Rekruttere nye frivillige ved behov.
  - Vera open for samarbeid med lag og organisasjoner.
  - lgangsetting av nye tiltak utfrå meldte behov.
  - Arbeide for et godt mødromme.

Uttal kvaliteten i dag. Måltidspasset i Väst är ett av Kvalitetssektorns populäraste.

Detta är en del av en längre artikel om hur man kan utveckla sin teknik och förstå sitt eget spel. Om du är intresserad av att läsa mer, hör gärna till mig!

hadde information i Fujiens, Gd'n og hemmesida til Lom og minifags mediers internesser, der er en udgivning fra København. Første tilskrift var matomhængende til alle

Oa frivillige meddelelse til interessé. Efter at døcaleg lejlær

Bygdefolk var flinke till å komma med ynskje om ulike tilbak som skulle startas opp.

Bøverdalens Røde Kors, Sentralen strata i lokala  
I etasjen på Gamle Løar (der biblioteket er no).

Lom Kømmune, Lom Helselag, Lom Pensjonsløftslag, Lom lag av høglate- og lungeforeining, Lom og

Lom Friuli Jugosentral er ei eigin stifting, beståande av

**Rörmiljumesyret i Lom Verdok** er en søkje staten om midller til Frivilligsentral.

**Lom Frivillig ungdomsentral  
opna.**

Delen 11 mai var det 20 år siden

**W M JUG** IOM EBIY

LOM Lernmatrix

Lomsmytt nr.2 2017



**Bjørn Bakke**

LT-medarbeidrarane for kjeheiminnsats i båle flytperiodane. Llikje minister vil eg røkke for vaktmesterskapet og med flytting både ut og inn att. Undertekna vil rose både pasientar, tilsette og leggane for at dei Offisiell opning av «open dag» vil bli arrangert før sommarferien! Og tilsette.

Godt fungerande vennilasjonsanlegg – til beste for både pasientar Ei anna stor forbeting er at dei nye lokala også har fått et nytt ambulanseinngang på bakside med inngang rett inn i skadestugua. Ei stor merkbar endring som har sjeldent er at ein har fått ein egen helsesenter.

Dei nye lokala er ei stor forbeting både for pasientar og tilsette på sluttene av juli-17.

lokalar. Om det blir som planlagt skal lokala vera innflyttingsklare er godt i gang – der skal ergoterapien og fysiotrapien få nye I desses dagar er det mestre på plass – sterkt et par målusteringsar att i nye lokalar.

Bett for påske hyra legekontoret, helsestasjonen og Jordmor ned lokalar i underetasjen på gamle Løar.


(der fødestugu var tidlegare). Fysiotrapien fekk mobilbeds til mellombels lokalar i 3. etasjen i midtbygget på helseheime i Legekontoret, helsestasjon og Jordmor var i byggeperioda flytta til like øraskar. Endelig var det i 2016 godkjente planar for ombygging av eksisterande helsecenter og arbeider Det har vore utarbeidd planar og forprosjekt for nye helsecenter, men prosessen har stoppa opp av Helsetestane i Lom har i mange år slitt med gamle, trange og lite pasientvenlege lokalar.



# Det nye helsecenteret er i drift!

Kom i gang i slutten av oktober 2016. Helsetestane i Lom har i mange år slitt med gamle, trange og lite pasientvenlege lokalar. Det har vore utarbeidd planar og forprosjekt for nye helsecenter, men prosessen har stoppa opp av til like øraskar. Endelig var det i 2016 godkjente planar for ombygging av eksisterande helsecenter og arbeider til like øraskar. Endelig var det i 2016 godkjente planar for ombygging av eksisterande helsecenter og arbeider

Teléfono: 61 21 73 00  
2686 Lom  
Sognefjellsvegen 6  
Lom kommune



www.lom.kommune.no  
post@lom.kommune.no  
Teléfono: 61 21 73 00



Informasjon fra Lom kommune - nr. 2 2017

**Lomsytt**